



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 21.07.2015
Vår ref.: 2014/23709-10
Saksbehandlar: torklin
Dykkar ref.: 2015/031641-001

Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad om midlar for 2016 frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Hordaland fylkeskommune viser til invitasjonsbrev angående tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har valt å utforma ein felles søknad, der Hordaland fylkeskommune har koordineringsansvaret. I invitasjonsbrevet heiter det at kommunar og fylkeskommunar med forpliktande avtale om auka sykkelsatsing vil verta prioritert. Gjennom Sykkelbyen Bergen har Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune eit slikt forpliktande samarbeid.

Føremålet med tilskotsordninga er å bidra til raskare gjennomføring av tiltak som aukar framkome for gåande og syklande, gjennom å stimulera kommunar og fylkeskommunar til å prioritera tiltak for auka sykkelbruk.

Investeringar til sykkeltiltak i Bergen vert normalt planlagt, prosjektert og finansiert gjennom Bergensprogrammet, eit samarbeid mellom Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen. Programmet omfattar kollektivtrafikktiltak, gang- og sykkelveggar, miljøprosjekt, tiltak på gatenettet i sentrum, trafikktryggleikstiltak og nye vegprosjekt. I perioden 2002-2025 vert det investert for nær 12,7 milliardar kroner i nye samferdselsprosjekt i Bergen.

Tilskotsordninga opnar for å søka om tilskot til prosjekt som er ferdig regulert og som kan ferdigstillast i 2016. I Bergensområdet har ein normalt ikkje ferdig reguleringsplan for tiltak som ikkje er prioritert og manglar finansiering i årlege plan- og byggeprogram. Det har såleis vore ei utfordring å finna større sykkelprosjekt som er godt eigna i høve til dei krav som er stilt i tilskotsordninga. Særleg er kravet om ferdigstilling i 2016 krevjande for større prosjekt. Hordaland fylkeskommune ber difor Statens vegvesen om å vurdere ei utviding av denne tilskotsordninga, til dømes til ein fire-årsperiode, slik den ordinære belønningssordninga er lagt opp.

For 2016 søker Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot til fylgjande tiltak (søknadsbeløp i parentes):

- Etablering av sykkelveg m fortau i Møllendalsveien, del II (3,75 mill. kr)
- Etablering av veglys langs GS-rute Kvamsvegen (0,35 mill. kr)
- Etablering av Småpudden gang- og sykkelbru (20 mill. kr)
- Gjennomføring av skilting og oppmerking langs hovudsykkelruter på fylkesveg (3,5 mill. kr)
- Gjennomføring av ulike GS-tiltak i samband med utbygging av Bybanen byggetrinn III (23,5 mill. kr)

Eigenandelen på 50% vert innarbeidd innanfor dei økonomiske rammene til Bergensprogrammet, eller som eventuelt tildelte belønningsmidlar for 2016. Dette gjeld ikkje for tiltaka *Sykkelveg Møllendalsveien, Veglys langs GS-rute Kvamsvegen og Småpudden gang- og sykkelbru* som er reine kommunale prosjekt. Eigenandelen for desse prosjekta vert difor dekkja av Bergen kommune. Eigenandelen er avklåra administrativt for samtlege tiltak. Politiske vedtak om forpliktingar i høve til eigenandelen vert ettersendt så snart dei er fatta, innan 15. september 2015.

Samla kostnader for dei ulike prosjekta er 182,2 mill. kroner. **Det vert søkt om 51,1 mill. kroner i tilskot.**

Me minner for ordens skuld om at Sykkelbyen Stord (også i Hordaland) utformar sin eigen søknad.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Torill Klinker
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Søknadsskjema for dei 5 ulike tiltaka. Samlefil.